



Saksnr  
16/1356-13

Løpenr  
4762/17

Arkivkode  
082

Avd/Sek/Saksh  
SEN/SEN/KSVE

Dykkar ref

## REGLEMENT FOR LØN OG GODTGJERSLE - FOLKEVALDE 2015 - 2019 - JUSTERT 09.11.15 og 19.09.2016

Vedtatt av kommunestyret 15.09.2014, sak 46/14.  
Justert 09.11.2015, sak 83/15 og 19.09.2016, sak 48/16

Denne saka har vore behandla i Klepp kommunestyre fleire gonger ; jfr. K-sak 15/99 med endring i K-sakene 2/02, 11/02, 44/03, 8/07, 17/07, 15/11, 15/14, 46/14, 83/15 og 48/16.

Når det gjeld godtgjersle til folkevalde, blir dette gjeve med heimel i Kommunelova §§ 41, 42 og 43 (gjeld pensjonsordning for ordførar).

Nedanfor er gjeldande reglement (pkt. 1-5) i Klepp kommune :

### 1. ÅRLEG GODTGJERSLE

Godtgjersle skal ytast til ordførar, varaordførar og politiske medlemmer av alle faste styre, råd og utval og til medlemmer av utval oppnemnt av kommunestyret, formannskapet eller hovudutval. Godtgjersla omfattar alle møte, kurs, konferansar, seminar, representasjon o.l. som ein vert kalla inn til eller blir pålagt å møta på.

Fråvær på meir enn 25 % av møta fører til reduksjon i den faste godtgjersla tilsvarande 50 % av fråværet (30 % fråvær gir 15 % trekk osv).

Dekking av reiseutgifter, barnepass og tapt arbeidsforteneste kjem i tillegg til godtgjersla.

Alle kommunestyrerepresentantane får dekkta telefongodtgjersle/internett på kr 1 200 pr år og abonnement på Kommunal Rapport.

- a. **Ordførar** i 1/1 stilling får godtgjersle på 110 % av godtgjersla til landets stortingsrepresentantar.

Godtgjersla til ordførar blir utbetalt etter reglane for lønsutbetaling (dvs feriepengar blir utbetalt året etter, og godtgjersla blir utbetalt under sjukdom som for løn til kommunalt tilsette). Ved skifte av ordførar får ny ordførar godtgjersle frå han/ho tek til som ordførar, men seinast frå 1. oktober, og avgåande ordførar til 31. oktober.



Ordførar gis ei ettergodtgjering på inntil 3 månader frå 1. november om han/ho ikkje inntre i tidlegare stilling/ny stilling eller går av med pensjon.

Ordførar er medlem av pensjonsordninga i KLP ("fellesordninga"), andre folkevalde blir knytt til ordninga når dei har minst 1/3 stilling.

Bil og reisegodtgjersle blir dekkja etter det kommunale reiseregulativet. Utgifter til mobiltelefon blir dekkja av kommunen. Andre utgifter blir dekkja etter rekning.

- a. **Varaordførar** skal ha **35 %** av ordførar si godtgjersle, dette inkluderer: Arbeid for formannskapet, kommunestyret, forhandlingsutvala og leiar av administrasjonsutvalet.
- b. **Formannskapsmedlemmene inkl administrasjonsutval** skal ha **5 %** av ordførar si godtgjersle.
- c. **Leiarane for hovudutval for lokal utvikling, skule og barnehage og helse og omsorg** skal ha **10 %** av ordførar si godtgjersle.
- d. **Nestleiarane for hovudutval for lokal utvikling, skule og barnehage og helse og omsorg** skal ha **4 %** av ordførar si godtgjersle.
- e. **Medlemmene av hovudutval for lokal utvikling, skule og barnehage og helse og omsorg** skal ha **2,5 %** av ordførar si godtgjersle.
- f. **Leiaren for kontrollutvalet** skal ha **4 %** av ordførar si godtgjersle.
- h. **Leiar for senior- og brukarrådet** skal ha **2 %** av ordførar si godtgjersle.  
**Medlemmene av senior- og brukarrådet** skal ha **1 %** av ordførar si godtgjersle.
- i. **Medlemmene av kommunestyret** skal ha **3 %** av ordførar si godtgjersle.
- j. **Medlemmene av kontrollutvalet** skal ha **1,5 %** av ordførar si godtgjersle.
- k. **Medlemmene av forhandlingsutvalet** skal ha **1 %** av ordførar si godtgjersle.
- l. **Gruppeleiarane for alle partia i kommunestyret** skal ha **2 %** av ordførar si godtgjersle.

## 2. MØTEGODTGJERSLE

- a. Møtande varamedlemmer i utvala nemnde under 1 c) til l) får **kr 1 000** pr møte.

Møtande varamedlem som er til stades på møte både i adm. utval og formannskap same dag får ei godtgjersle på **kr 1 000**, som for eit møte.

- b. Nestleiar får **kr 1 000** pr møte i tillegg til anna godtgjersle når han/ho fungerer som leiar.
- c. Medlemmer i mellombels oppretta utval/andre faste utval som ikkje er nemnd i pkt. 1, tilsettere representantar i administrasjonsutvalet samt kommunen sine representantar i samarbeidsutvala på skulane og styra i barnehagane, får **kr 800** pr møte.
- d. Leiarane i mellombels utval/andre faste utval som ikkje er nemnde i pkt. 1 får **kr 1 000** pr møte.

## 3. ERSTATNING FOR UTGIFT OG TAPT ARBEIDSFORTENESTE

For å få dekkja utgifter eller tapt arbeidsforteneste må møtedeltakaren setja fram krav om dette på eige skjema. Erstatning for tapt arbeidsforteneste blir berre utbetalt dersom møtet er lagt til ei slik tid at vedkomande må ta fri frå ordinært arbeid for å delta i møtet.

- a. Dokumenterte kostnader til barnepass kan dekkast. Sats er **kr. 200** pr møtetime.
- b. Erstatning for legitimert tapt arbeidsforteneste kan gis med inntil **kr. 3 000** pr dag for møte som varer over 4 timar. For møte som varer 4 timar eller mindre er satsen inntil **kr. 1 500** pr møte.
- c. Erstatning for ulegitimert tapt arbeidsforteneste kan gis med **kr. 800** pr dag for møte som varer over 4 timar og **kr. 500** for møte som varer 4 timar eller mindre.

## 4. REISE- OG KOSTUTGIFTER

- a. Reiseutgifter i samband med utføring av vervet blir dekkja etter reglane i det kommunale reiseregulativet. Det må setjast fram krav om dette på eige skjema.
- b. Ved lengre møte blir det normalt ordna med enkel servering. Ved deltaking i konferansar, møte o l utanfor kommunen, blir det betalt kostgodtgjersle etter gjeldande reglar om det ikkje er ordna med felles servering.

## 5. ANNA

- a. Fast godtgjersle blir utbetalt med 1/12 kvar måned.
- b. Varamedlemmer får godtgjersla utbetalt, utan å senda rekning, ein gong pr år, viss ikkje anna er avtala. Kven som har vore til stades på møta går fram av protokollar/referat.
- c. Kvart politisk parti som er representerte i kommunestyret, skal vederlagsfritt kunne disponere grupperom til sine gruppemøte. Rom som blir stilt til disposisjon skal ha trådløs tilkopling til internett (politikarnett). Parti som ikkje vel kommunale grupperom, må dekke kostnadene til dette sjølv.
- d. Medlemmer i kommunestyret og hovudutvala med fleire får kvar sitt nettbrett, eller tilskot for å halda dette sjølv, jf vedtak i formannskapssak 23/14.
- e. Krav på dekning av utgifter eller tapt arbeidsforteneste bør leverast inn minst kvart halvår. Kravet er forelda 3 år etter at møtet er halde.
- f. Rådmannen har fullmakt til å avgjera tvilsspørsmål og stå for den praktiske gjennomføringa av ordninga. Avgjerder kan klagast inn for formannskapet.

Klepp kommune, 15.02.2017